

Hemsedal kommune

Møteinnkalling

Hovudutval for Livsløp

Møtested: Ungdomsklubben

Møtedato: 10.04.2008

Tid: 09.00

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær i sekretæriet på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmare avtale.

Møtet startar kl 09.00 på Ungdomsklubben der det vert orientering av fritidsleiar. Etterpå fortset møtet på biblioteket med orientering av biblioteksjef og rektor på musikk- og kulturskulen. Der vert det og orientering om IT i grunnskulen ved Embrik Kaslegard. Møtet med saklista fortset på biblioteket.

SAKSLISTE

Saknr.	Arkivsaksnr. Tittel
9/08	08/313 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
10/08	08/313 MELDINGAR
11/08	08/359 KOMPETANSEPLAN FOR GRUNNSKULEN - 2008
12/08	08/181 UTVIDA TIMETAL VED TUV OG ULSÅK SKULAR
13/08	08/252 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008
14/08	08/210 KULTURPRIS - 2008
15/08	08/340 KLAGEORGAN FOR ENKELTVEDTAK JAMFØR KOMMUNEHELSETENESTELOVA

16/08

08/89

U.off

**UTDELING AV MIDLAR 2008 - HEMSEDAL KOMMUNE
SITT LEGAT**

Hemsedal, 1. april 2008

Sveinung Halbjørhus (sign)
Leiar

Anne Marie Storeheier
Sekretær

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 9/08
Arkivsaksnr: 08/313
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 9/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Livsløp

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i hovudutval for Livsløp 28. februar 2008.

Rådmannen si tilråding:

Protokoll frå møtet i hovudutval for Livsløp 28. februar 2008 vert godkjent.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 10/08
Arkivsaksnr: 08/313
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 10/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008

MELDINGAR

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Livsløp

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Kultur- og oppvekssjef:

TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN.

13.desember 2007, sak 141/07, gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

- 1. Hemsedal kommune set i gang med å utarbeide ein trafikktryggleiksplan.*
- 2. Planen skal vere ferdig for politisk behandling i juni 2008.*
- 3. Kr. 40.000,- av framlegg til investeringsbudsjett tiltak Trafikktryggleiksplanen skal nyttast til planarbeid.*
- 4. Teknisk sjef og Kultur-og oppvekstsjef i samråd med prosjektleiar Knut Erik Jetlund har ansvar for leiing og gjennomføring av arbeidet.*
- 5. Hovedutval for Plan og Ressurs vel Håvard Venås til å vere med i arbeidsgruppe*
- 6. Hovedutval for Livsløp vel Marianne Viljugrein til å vere med i arbeidsgruppe*

Totalkostnadane for prosjektet er kr. 100.000,-, og det er søkt om 60 % tilskot. Søknaden vart sendt frå kommunen 29.11.2007.

Hemsedal kommune har motteke brev frå Statens vegvesen datert 27.2.2008.

I brevet heiter det at på grunn av underbemanning og stor arbeidsmengde har søknaden frå kommunen ikkje blitt behandla enno.

Fylkets trafikktryggleiksutval vil behandle søknaden på møte 28.mars 2008.

Skriftleg svar blir sendt kommunen i løpet av april.

Oppstart med planarbeidet i dei respektive gruppene vil såleis ikkje kome i gang før kommunen får eit positivt svar på søknaden. Dette kan innebere at planen ikkje blir ferdig for politisk behandling som føresett i juni 2008..

Rådmannen si tilråding:

Hovudutval for Livsløp har ingen merknader til meldingane..

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 11/08
Arkivsaksnr: 08/359
Arkivkode: 150 A20

Saksbehandler: Harald Sundsøy

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 11/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008

KOMPETANSEPLAN FOR GRUNNSKULEN - 2008

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Livsløp

Vedlegg:

Kompetanse for utvikling. Plan for Hemsedal kommune 2008.

Dokument i saka:

”Kompetanse for utvikling” Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa i Hemsedal. kommune 2005-2008.

Saksopplysningar:

Grunnlagsdokumentet for denne kompetanseplanen er ”Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutviklinga i grunnopplæringa i Hemsedal kommune 2005-2008”. Planen vart behandla i kommunestyret i sak 49/05.

Planen inneheld utviklingstiltak som er funne nødvendig ved innføring av den nye læreplanen som vart innført hausten 2006. Politisk godkjenning er nødvendig for tilføring av statleg tilskot.

Ein føresetnad for utbetaling av statlege midlar til skuleutvikling er at skuleeigar tek sitt ansvar for kompetanseutviklinga gjennom politiske planar.

Planen skal ta vare på kompetanseutviklingsbehov innanfor dei nasjonalt prioriterte områda, jf. Strategien ”Kompetanse for utvikling.

Midlane blir overført til skuleeigar når denne har utvikla og vedteke planen i samarbeid med berørte partar, og orientert fylkesmannen om dette.

Forhold til overordna plan:

”Kompetanse for utvikling” Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa i Hemsedal kommune 2005-2008.

Miljøkonsekvensar:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Kompetanseplanen blir gjennomført ved hjelp av statlege midlar samt midlar til kompetanseutvikling ved den enkelte skule si økonomiske ramme. Hemsedal kommune har for 2008 fått melding om tildeling av kr. 143.000.

Vurdering:

Planen gjev ei god vidareføring av det utviklingsarbeidet som allereie er sett i verk gjennom lokale tiltak og regionalt opplegg, og ei direkte oppfølging av handlingsplanen for 2005-2008.

Det er eit regionalt opplegg i faget matematikk som går over ein periode på tre år, med avslutning i 2009.

Skulane er komne langt i oppbygginga av kommunikasjonsplattforma ”It’s learning” brukt som eit verkty til betre tilpassa opplæring og elektroniske elevmapper og mappevurdering. Elektroniske elevmapper eller digitale mapper skal innførast av alle skular innan 2008. Dei digitale mappene blir ein sentral del i forhold til elevvurdering.

Skulebiblioteket er ein sentral del i skulekvardagen. Biblioteksentralen og ”Det lærende nettverket” har arrangert kursrekke for biblioteksjefane 2007 og 2008. Denne kursrekka blir viktig for det faglege samarbeidet mellom bibliotek og skule. Utgifter i samband med denne oppdateringa vil bli dekt av kompetanseutviklingsmidlane.

Vinteren 2008 blir det arrangert IKT-kurs for lærarane i kommunen.

Kommunen vil også satse på oppdatering for lærarpersonalet i enkeltfag som mellom anna naturfag og på områda lese-og skrivevanskar og vurdering.

Eit anna prioritert område er leiaropplæring.

Fagplanarbeidet og leseplanarbeid er godt i gang og blir vidareført gjennom regionalt samarbeid.

Rådmannen si tilråding:

1. Hovudutval for Livsløp godkjenner Kompetanseplan for grunnskulen i Hemsedal kommune 2008.
2. Gjennomføringa skjer innafør tildelte økonomiske rammer.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 12/08
 Arkivsaksnr: 08/181
 Arkivkode: B15 &13

Saksbehandler: Harald Sundsøy

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 12/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008
PS /	Kommunestyret	

UTVIDA TIMETAL VED TUV OG ULSÅK SKULAR

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret.

Vedlegg:

Ingen.

Dokument i saka:

1. Høyringsnotat av 4.2.2008 frå Kunnskapsdepartementet om utvida timetal på barnetrinnet.
2. St.prp. nr. 1 (2008-2009)
3. F-012-06, revidert. 07.08.2007

Saksopplysningar:

Stortinget har slutta seg til at timetalet på barnetrinnet skal utvidast med fem veketimar på 1.-4. årstrinn, fordelt med to timar i norsk, to timar i matematikk og ein time i engelsk.

I St.prp. nr. 1 for 2008-2009 heiter det at ” *Regjeringa foreslår i budsjettet for 2008 å utvide timetalet på barnetrinnet med til saman fem uketimar à 60 minutt på 1.-4. trinn fordelt på to timar i norsk, to timar i matematikk og ein time i engelsk. Igjennomsnitt får elevane på desse trinna ein auke på noko over ein time i veka, til om lag 18,5 timar.*

Timetalsauken skal gjelde frå hausten 2008. Det er foreslått ei løyving på 275,7 mill kroner til dette i 2008. Av dette vil 270 mill. kroner bli lagt inn i rammetilskottet til kommunane, jf kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal-og regionaldepartementet.

Forslag til endra fag-og timefordeling som følgje av timetalsutviklinga vil bli sendt på høring.”

I forslaget til auka timetal har departementet lagt vekt på å styrke både fagleg læring og tidleg utvikling av grunnleggjande ferdigheiter. Fleire timar gir også større rom for tilpassa opplæring.

Det er fastsett eit samla minstetimetale for hovudtrinn i grunnskulen som elevar har rett til, og som skuleeigar har plikt til å gi. Hovudtrinna vil seie barnetrinnet, 1.-7.trinn og ungdomstrinnet 8.-10.trinn.

Timetalet er fastsett som klokketimar for hovudtrinnet i grunnskulen. Omrekning til klokketimar frå 45 minuttars timar inneber ikkje endringar i omfanget av opplæringa, med unntak av nokre mindre tilpasningar.

Innanfor hovudtrinna fastset skuleeigar fag-og timefordelinga på årstrinn. Det er ikkje høve å flytte timar mellom hovudtrinna. Den enkelte skule har fridom til å leggje til rette i undervisningseiningar innanfor det fastsette timetalet.

Forhold til overordna plan:

Læreplanen.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Timetalet for 1.-4. årstrinn i grunnskulen i Hemsedal blir utvida med 304 årstimar tilsvarande 8 veketimar. Dette utgjer ein samla stillingsauke med 30,77 % ved Tuv og Ulsåk skular til saman.

Timetalsutvidinga vil gjelde frå og med 1.8.2008.

Dette inneber ein meirkostnad for 5 månader i 2008 med kr. 62.000.

Kostnaden for 2009 og vidare blir kr. 148.800.

Situasjonen ved skulane inneber at dei ikkje har høve til, innan eiga budsjetttramme å finansiere timetalsutvidinga.

Midlane til timetalsauken må sjåast i samanheng med rammetilskottet til kommunane, jf kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal-og regionaldepartementet.

Eksisterande timefordeling-minstetimetale for 1.-7. årstrinn (klokketimar):

KRL	427
Norsk	1296
Matematikk	812
Naturfag	328
Engelsk	328
Fremmedspråk/språklig fordypning	0
Samfunnsfag	385
Kunst og håndverk	477
Musikk	285
Mat og helse	114

Kroppsøving	478
Elevrådsarbeid	0
Programfag til valg	0
Sum	<u>4 930</u>

Skulane i Hemsedal har i dag 45 minutt økter.

1., 2., 3. og 4. årstrinn har kvar 23 timar per veke, totalt 92 timar.

5. årstrinn har 24 timar per veke.

6. og 7. årstrinn har 30 veketimar kvar.

1.-4. trinn: $92 \cdot 38 = 3496$ årstimar

5. trinn: $24 \cdot 38 = 912$ årstimar

6.-7. trinn: $60 \cdot 38 = \underline{2280}$ årstimar

Totalt: 6688 årstimar

6688 årstimar (i 45 minutt økter) utgjer for 1.-7. årstrinn 3 timar per veke meir enn minstetimetallet.

Utvidinga med 5 klokketimar per veke frå 01.08 tilsvarar 6,7 veketimar i 45-minutt økter.

Av di Hemsedal allereie har dei 3 timane for mykje frå før, blir utvidinga 3,7 veketimar. For å få heile timar bør ein rekne 4 timar per veke.

Utvidinga bør leggjast til 1.-4. årstrinn i tråd med departementet sin intensjon med tiltaket.

Ved å leggje timane til 1.-4. trinn til fredagar vil ein få fire heile skuledagar ved Tuv og Ulsåk og dermed spare inn på skuleskyssen fordi elevane då vil slutte samstundes som elevane på HBU.

Situasjonen ved skulane inneber at dei ikkje har høve til, innan eige budsjetttramme å finansiere denne timetalsutvidinga.

Ved Ulsåk skule har synleggjort verknadane ved ein budsjettreduksjon med 4%. Skulen er i ein spesiell situasjon i forhold til elevar med spesielle behov. Med bakgrunn i situasjonen har Økonomiutvalet i mars 2008 gjort tilråding for kommunestyret.

Økonomiutvalet har i same møte gjort tilråding om å redusere budsjettet for Tuv skule med kr.145.000, tilsvarande 4% på driftsbudsjettet.

Tuv skule har i budsjettet for 2008 innarbeidd eit enkeltvedtak som utgjer ei assistentstilling i 71% . Dette vart gjort innanfor eksisterande ramme utan å få tilført ekstra midlar. Dette enkeltvedtaket gjeld frå skulestart 2008.

Rådmannen si tilråding:

Timetallet for 1.-4. årstrinn i grunnskulen i Hemsedal blir utvida med 304 årstimar, for 2008 med kr. 62.000 og for 2009 og vidare med kr. 148.800.

Utvidinga gjeld frå og med 1.8.2008.

Finansiering til timetalsauken må sjåast i samanheng med rammetilskottet til kommunane, jf kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal-og regionaldepartementet.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 13/08
 Arkivsaksnr: 08/252
 Arkivkode: 223 C

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 13/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008

SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for livsløp

Vedlegg:

Retningslinjer for tilskot av kulturmiddel i Hemsedal kommune.

Dokument i saka:

- 26.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL ELDRELAG
- 28.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL IDRETTSLAG
- 28.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- S-KLUBBEN DVERGBJERKEN
- 27.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008
- 28.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL GOLFKLUBB, JUNIORGRUPPA
- 26.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- ULLTRØYA 4H
- 27.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL SKYTTARLAG
- 27.02.2008 SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFORMÅLET- HEMSEDAL HUSFLIDSLAG
- 29.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL KRISTELEGE UNGDOMSLAG
- 29.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- TRØLL I ORD
- 03.03.2008 SØKNAD OM KULTURMIDLAR- TØRSTAD & ALBRIGTSEN'S ORKESTER V/JANET ALBRIGTSEN
- 29.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL BARNEGOSPEL

28.02.2008 SØKNAD OM KULTURMIDDEL VÅREN 2008- HEMSEDAL BARNEGOSPEL/CONFESSIO

04.03.2008 HEMSEDAL JAZZFESTIVAL 2008 - SØKNAD

Saksopplysningar:

Innan fristen har det kome inn 13 søknader om kulturmiddel frå lokale lag og organisasjonar, i 2007 kom det inn 11 søknader til våromgangen.

Retningslinene for tildeling av kulturmiddel for Hemsedal kommune gjer det mogeleg å yte

- tilskot til drift
- tilskot til arrangement
- tilskot til prosjekt
- tilskot til leiar-/ instruktør opplæring
- tilskot til einskildpersonar/ kulturstipend

Det er kun mogeleg å søke om støtte til drift ein gong i året, det kan søkjast om støtte til fleire prosjekt eller ulike arrangement.

Retningslinene legg særleg vekt på støtte til barne- og ungdomsorganisasjonar og aktivitetar for dess gruppene.

1. Hemsedal eldre lag

Hemsedal eldre lag søkjer om støtte til arbeidet dei driv for dei eldre i Hemsedal.

Hemsedal eldre lag har møte ein gong i månaden vinterhalvåret. Om sommaren arrangerer dei turar for medlemmen. Turane er opne for alle, også dei som ikkje er medlemmer av laget.

Søknadssum ikkje oppgjeven.

2. Hemsedal idrettslag

Hemsedal idrettslag søkjer om driftstilskot for 2008.

Dei har følgjande undergrupper: allidrett, orientering, fotball, volleyball, trim, langrenn og alpint. Idrettslaget legg ned stor dugnadsinnsats for å få til aktivitet i bygda.

Medlemskontingenten er sett til kr. 100 kr for barn/ungdom opp til 17 år og kr. 200 for vaksne, familiar betaler kr. 300. Hil har 350 medlemmer under 17 år og 550 medlemmer over 17 år.

Hil har ikkje nokon tilsette og alt arbeid som vert lagt ned, også det administrative vert gjort på dugnadsbasis.

Hil melder om stor aktivitet og nye tilbod. Trimgruppa er aktiv i Prosjekt friskliv, som driv førebyggjande helsearbeid for heile bygda. Trimgruppa planlegg eit heilt nytt tilbod, spinning som krev investering i m.a. sykklar.

Langrennsgruppa held fram arbeidet med reguleringsplanen for Gravset. Arbeidet med tidtakar- og varmebu er utført på dugnad.

Alpingruppa var i mars 2008 medarrangør av hovudlandsrennet for 15- 16 åringar.

Volleyballgruppa har også i år kvalifisert eit lag til NM.

Søknadssum kr. 160 000.

3. S-klubben dvergbjerken

S-klubben Dvergbjerken søker om støtte til drift.

Laget har 52 betalende medlemmer i alderen 5- 12 år.

Medlemskontingent er sett til kr. 50. Driftsresultatet viser at laget går med eit lite overskot. Årsmeldinga for 2007 viser at laget held fram trenden med stor og variert aktivitet. Ein av målsetjingane til S-klubben er at borna skal engasjere seg i born som ikkje har det like godt som oss.

S-klubben har basen sin på Kyrkjestugo, i tillegg brukar dei naturen som utgangspunkt for aktivitet. Dei har investert i noko turutstyr.

Søknadssum er ikkje oppgjeven

4. Hemsedal sundagsskulelag

Hemsedal Sundagsskulelag søker om tilskot til drift..

Laget har 50 medlemmer som alle er born, i tillegg har dei 17 vaksne leiarar.

Medlemskontingenten i laget er framleis låg, kr. 20. I 2007 gjekk laget med eit lite overskot, I tillegg til det vanlege sundagsskulearbeidet, har dei fleire årlege arrangement slik som skirenn på Gravset og sommarleirleir i Lykkja. Hemsedal sundagsskulelag har tilbod om data-sundagsskule for dei eldste borna. Hemsedal sundagsskulelag meiner sjølve at dei er ein aktiv og sprek 90- åring

Søknadssum er ikkje oppgjeven.

5. Hemsedal golfklubb juniorgruppa

Hemsedal Golfklubb, Juniorgruppa søker om støtte til drift. Juniorgruppa i Golfklubben har 27 medlemer, noko som viser ein reduksjon av medlemsmassen sidan 2005. Rekneskapen for 2007 viser eit overskot på drift, laget har også auka eigenkapitalen.

Juniorgruppa søker om støtte til å besøke ein annan golfklubb. I tillegg vil dei investere i meir treningsutstyr og køller for utlån.

Søknadssum kr. 11 000.

6. Ulltrøya 4H

Ulltrøya 4H søker om støtte til drift. Laget har 21 medlemmer under 17 år. Dette viser ein nedgang i medlemsmassen frå førre søknadsrunde.

Rekneskapen viser at laget gjekk med overskot.

Målsetjinga med 4H arbeidet er å lære seg å ta vare på seg sjølv og dei andre som er med.

Årsmeldinga viser eit lag, som forutan det faste 4H-arbeidet, legg til rette for skidag, balldag, overnattingsturar og filmkveld.

Søknadssum kr. 18 000

7. Hemsedal skyttarlag

Hemsedal skyttarlag søker om støtte til innkjøp av skjermar for elektronikk samt innkjøp av eit gevær til ungdomsutvalet. Skyttarlaget har tilbod om skyteopplæring til ungdom og born over 10 år. Det vert lagt særleg vekt på sikkerheit ved bruk av skytevåpen. Det er ikkje oppgjeve kor mange medlemmer laget har.

Skyttarlaget har dei siste tre åra investert i overkanta av kr. 350 000 til moderne tilvisarsystem og oppgradering av skytebane på Torsetsida. Det er også investert i elektroniske skyteskiver til innandørsbana i Idrettslagshuset. Rekneskapen for 2007 viste at Hemsedal skyttarlag gjekk med underskot i 2007.

Søknadssum kr. 65 000.

8. Hemsedal husflidslag

Hemsedal Husflidslag søker om støtte til drift. Dei seinare åra har Hemsedal husflidslag gjort eit framstøyt overfor born og ungdom, og har gjeve tilbod om ulike kurs. Hausten 2007 heldt dei 6-8 kurs for born i alderen 10- 16 år.

Hemsedal husflidslag legg vinn på låg avgift på kurs for born og unge. Dette for at alle skal ha høve til å kunne delta. Kursavgifta er sett til kr. 200,-

Søknadssum kr. 10 000.

9. Hemsedal kristelege ungdomslag

Hemsedal kristelege ungdomslag søker om støtte til drift. Laget harmeir enn 80 medlemmer.

Hemsedal kristelege ungdomslag er ein alkohol- og rusfri samlingsstad for all ungdom i Hemsedal.

Årsmeldinga viser at laget kvar helg har arrangement av ulik karakter anten på deira eigen baseKjellar`n, ute, heime hjå medlemmene, overnattingsturar eller på Krik Høyfjellsenter. Dei tre store høgdepunkta i året er nyttårsballet, hyttetur og pinseturen.

Rekneskapen viser at laget går med overskot.

Søknadssum ikkje oppgjeven.

10. Trøll i ord

Trøll i ord søker om støtte til drift. Hovudmålet for ”Trøll i ord” er å fremje leselyst hjå born og unge i Hemsedal. Talet born og vaksne på bibliotekstundene aukar jamnleg, rekorden så lagt blei sett hausten 2006 med 60 frammøtte. Tilbodet har denne vinteren vorte auka frå 6 til 7 biblioteklaurdagar.

Trøll i ord har sett seg som mål å utdanne gode forteljarar og opplesarar i bygda. Dei ser det som viktig å halde ”treff” for å gje yttarlege kompetanseheving av dette korpset.

Rekneskapen vert ettersendt.

Søknadssum kr 10 000.

11. Tørstad & Albrigtsen`s orkester

Tørstad & Albrigtsen`s orkester søker om støtte til prosjekt. Tørstad & Albrigtsen`s orkester er eit orkester frå Hallingdal og Valdres som er i startgropa på eit prøveprosjekt. Prosjektet går ut på å lage ein miljøbyggande festival med seminar for born og unge, i tillegg til tevlingar. Det vert satsa på tevling også for born og unge, med skisserte aldersklassar junior t.o.m 12 år, ungdom t.o.m 17 år og senior frå 18 år. Festivalen vert halde på Storefjell høg fjellshotell fyrset helga i mai 2008.

Søknadssum kr. 5 000.

12. Hemsedal barnegospel

Hemsedal Barnegospel søker om støtte til drift. Søknaden er delt opp i gospelkoret og drift av lydanlegget. Hemsedal barnegospel har vinteren 2008 hatt 128 faste medlemmer frå 2.- 7. å.trinn, som betaler kr. 50 i medlemskontingent. Som ei avslutning på korsesongen dreg heile barnegospel på våravslutning, i år er Oslo og Tusenfryd målet for turen.

Lydanlegget vert brukt av barnegospel, i tillegg vert det velvillig leigd ut til ulike kommunale arrangement.

Rekneskapen for 2007 viser at barnegospel går med godt overskot, medan drifta av lydanlegget hadde eit negativt resultat for samme år.

Tilskot barnegospel ikkje oppgjeven

Tilskot lydanlegget kr. 20 000.

Søknadssum berre delvis oppgjeven

13. Hemsedal jazzfestival

Hemsedal Jazzfestival søker om støtte til arrangement og underskotsdekking i samband med jazzfestivalen. Satsingsområdet for jazzfestivalen er formidling av ung, norsk samtidsjazz og regional jazzkursverksemd for born og ungdom. Festivalen er også tenkt å vere ein møteplass for jazz- og folkemusikarar. Målgruppa er spesielt det lokale og regionale publikummet, i tillegg stasar ein mot eit generelt nasjonalt og internasjonalt publikum. Eit særskilt viktig element i årets festival er workshops for ungar/ ungdom med profesjonelle lærekrefter. Hemsedal jazzfestival skal gå av stabelen for tredje gong i perioden 26.-29. juni 2008.

Tilskot arrangement kr. 30 000

Underskotsdekking kr. 20 000

Søknadssum kr. 50 000

Forhold til overordna plan:

Søknadane er vurdert etter kriteria lagt i ”Retningslinjer for tilskot av kulturmiddel i Hemsedal kommune.”

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Bruk av ledige budsjettpostar innafør kulturbudsjettet og ”barn og unge”

Kulturadministrasjonen i Hemsedal er i den situasjonen at det omsøkte beløpet ligg høgt over disponible tilskotsmidlar. Dette fører til ei streng vurdering av kva tiltak som skal tildelast kulturmidlar og korleis ein skal fordele dei disponible summene.

Dei disponible midlane innafør budsjettpostane i kulturbudsjettet skal fordelast gjennom begge søknadsomgangane.

Teneste		Art	Beløp
2311	Barn og unge	4700	115 000
3771	Musikk	4700	77 000
3772	Film/ kino	4700	32 800
3802	Idrettsaktivitet	4700	61 000
3851	Allmen kultur	4700	66 000
3852	Kulturhus/ samfunnshus	4700	52 000
3853	Lag og organisasjonar	4700	59 000
	Sum		462 800

Vurdering:

Hemsedal kommune er i ein situasjon som manar til økonomisk måtehald. Ein konsekvens av kommunen si økonomiske stode er færre ledige midlar på kulturbudsjettet. Hemsedal har eit kulturliv med stort engasjement og mangfald i det frivillige lag- og organisasjonslivet. Hemsedal kommune ser at den store variasjonen i kultur- og aktivitetstilbod er positiv for innbyggjarene i bygda og ynskjer å støtte opp om dette gjennom tilskot av disponible kulturmidlar.

1. Hemsedal eldreleg

Hemsedal Eldrelag gjev tilbod om interessante samlingar for eldre. Eldrelagsmøta er ein viktig sosial arena for denne aldersgruppa. Hemsedal eldreleg arrangerer årleg bussturar for dei eldre i bygda. Dette er eit godt tiltak og eit fint tilbod til dei som ynskjer å delta på ein sosial tur med andre på om lag same alder.

Rådmanne tilrår å støtte eldrelaget med kr. 2 000.

2. Hemsedal idrettslag

Hemsedal Idrettslag har i mange år gjennom frivillig arbeid gjort ein formidabel innsats for idrettskulturen i Hemsedal.

Idrettslaget grunnjev storleiken på det omsøkte driftstilskotet med framleis store utfordringar som hovudlandsrenn innan alpint og nye tiltak som bygging av varmestove på Gravset. Hemsedal kommune set pris på at idrettslaget utviklar tilbod og fasilitetar som kjem bygdafolket, så vel som tilreisande til gode. Administrasjonen vurderer å kunne støtte Hemsedal idrettslag med kr. 140 000.

3. S-klubben Dvergbjerken

S-klubben Dvergbjerken gjev eit godt og variert tilbod til born i alderen 5-13 år. Laget har hatt ein stor vekst i medlemstalet dei seinare åra, med ein tendens til utflating dei siste åra. I tillegg til

årvisse arrangement som karneval, juletreffest, påskeverkstad, ”blåtur” og besøk i badeland, prøver dei å utvikle tilbodet med nye aktivitetar.

Administrasjonen ser verdien av tilbodet som S-klubben gjev, og tilrår å støtte laget med kr. 7 000.

4. Hemsedal søndagsskulelag

Hemsedal Kommune ser verdien av innsatsen Hemsedal Søndagsskulelag gjer for born og unge i bygda. Det er flott at laget legg opp aktivitetar, i tillegg til dei vanlege søndagsskulearbeidet, som femnar ei større gruppe. Ein merkjer seg at desse tilstellingane er attraktive og trekkjer til seg mange deltakarar.

Administrasjonen går difor inn for å støtte Hemsedal Søndagsskulelag med kr. 7 000

5. Hemsedal golfklubb juniorgruppa

Golf er ein sport som framleis har stor rekruttering. For komande år vil deler av tilskotet bli brukt til trenarar. Auken i aktive på juniortreningskveldane medfører gruppedeling og auka behov for trenarar. I tillegg til treningskveldane prøver også Juniorgruppa å bygge opp eit sosialt fellesskap ved, mellom anna, å arrangere ein helgetur til eit anna golfanlegg. Ein tilrår på bakgrunn av dette å stimulere til vidare arbeid i Juniorgruppa ved å støtte laget med kr. 8 000.

6. Ulltrøya 4H

Ulltrøya 4H viser dette året ikkje til investeringar, men at laget ynskjer å rette merksemda mot gjennomføring av prosjekt for alle medlemmene. At medlemmene i 4H får delta på kurs og aktivitetar, og gjennom desse knytte kontaktar med andre 4H-arar er flotte tiltak. Gjennom arbeidet med den årlege 4H-oppgåva får medlemmene høve til å tileigne seg kunnskap om, og eksperimentere med ulike potensielle hobbyar. Innsatsen til medlemmene vert synleggjort på Haustfesten i Kultursalen. Denne årlege mønstringa fyller salen til ei velfortent markering av eigen innsats. Ulltrøya 4h viser pågangsmot og planlegg å arrangere fylkesleir i 2009.

Administrasjonen går inn for å støtte laget kr. 12 000.

7. Hemsedal skyttarlag

Hemsedal skyttarlag har dei siste åra lagt ned eit stort arbeid med å oppgradere skyttarbana og legge til rette for gode forhold for skyttarmiljøet i bygda. Dette arbeidet er no fullført og skyttarane kan til fulle utnytte både det utbetra anlegget på Torsetsida og innandørsbana med elektroniske skiver i Idrettslagshuset. Det er positivt at laget ynskjer å gjere investeringar som

støttar opp om rekrutteringsarbeidet. Dagens krav om utstyr gjer skyttarsporten til ein kostnadskreivande idrett. Laget har nytta tidlegare innvilga multurmidlar til å investere i skyttardrakter. Budsjetter for 2008 viser at ungdomsutvalet planlegg å investere i våpen og eletkroniskutstyr. Administrasjonen set pris på arbeidet laget legg ned, og går inn for å støtte laget med kr. 20 000.

8. Hemsedal husflidslag

Hemsedal Husflidslag gjennom fleier år arbeidd med rekruttering av born og ungdom. Dei ynskjer å halde fram med å arrangere husflidskurs for born og unge der dei nyttar laget sin eigen ekspertise. Tilboda til born og unge i Hemsedal er mangfaldig, men innan tradisjons- og husflidsområdet har ein ikkje mange alternativ. Administrasjonen er nøgd med at nye tiltak innan dette feltet vert sett i gang og at det ser ut som dei vert godt mottekne i aldersgruppa.

Administrasjonen er positiv til tiltaket og går inn for å støtte husflidslaget med kr 6 000.

9. Hemsedal kristelege ungdomslag

Hemsedal kristelege ungdomslag er framleis ein attraktiv møtestaden for eit breitt spekter av ungdom i helgane. Laget har ein god indre justis som medfører at ungdomane heilt på eiga hand planlegg og gjennomfører aktivitetar. Denne tilliten dei får til sjølve å ha ansvar for laget, medlemmene og aktivitetane, viser dei at dei meistrar. Administrasjonen er positiv til aktiviteten og går inn for å støtte laget med kr. 15 000.

10. Trøll i ord

Trøll i ord er eit spanande prosjekt for å auke leselyst og stimulere skriveglede. I tillegg til førestillingane held Trøll i ord fram med å byggje opp det lokale "korpset" av gode forteljarar og opplesarar. Trøll i ord er eit viktig tiltak i arbeidet med å heve statusen til hallingdialekta. Trøll i ord held høg kvalitet på arrangementa sine, det vert supplert med profesjonelle forfattarar/ formidlarar t i tillegg til dei lokale amatørane. For å stimulere lese- og forteljargleda og interessa for dialekt hjå born, må dette også haldast ved like hjå dei vaksne. 2- 4 gonger årleg arrangerer difor Trøll i ord bokbad, trøllkveld for dei vaksne. Administrasjonen ser verdien av eit tilbod som Trøll i ord i arbeidet med å ta vare på hemsedalsmålet og å gje den oppveksande generasjonen gode røynsler med historieforteljning gjennom personleg samhandling. Ein vil difor gå inn for å innvilge kr. 8 000 i støtte til dette tiltaket som støttar opp under og tek vare på den lokale dialekten.

11. Tørstad & Albrigtsen`s orkester

Det er eit særst positivt initiativ Tørstad & Albrigtsen`s orkester tek ved å planlegge ein toraderfestival i Hallingdal. Rekrutteringa innan toradermiljøet har dei seinare åra ikkje vore stor, og slike tiltak som Tørstad & Albrigtsen`s orkester set i gang kan vere med på å setje auka fokus på dette instrumentet og gamaldanssjangeren generelt. Administrasjonen er positive til tiltaket og går inn for å støtte Tørstad & Albrigtsen`s orkester med kr. 2 000.

12. Hemsedal barnegospel

Hemsedal Barnegospel er framleis det fritidstilbodet som appellerer til flest born i barneskulealder. Tilbodet viser høg musikkfagleg kvalitet og har eit inkluderande, livlegmiljø.

Den primære aktiviteten er korkveldane annakvar onsdag. At koret opptrer på julegateopninga har vorte ein kjær tradisjon for mange, likeeins fyller påskekonserter kyrkja til brestepunktet. Administrasjonen går inn for å tildele kr. 70 000 i støtte til drift av laget og kr. 10 000 i tilskot til lydanlegget, totalt tilskot kr. 80 000.

13. Hemsedal jazzfestival

Hemsedal Jazzfestival er eit nytt og positivt tiltak for innbyggjarar og tilreisande i Hemsedal og festivalen kan vere ein moglegheit til å setje Hemsedal på kulturkartet både nasjonalt og internasjonalt.

Hemsedal Jazzfestival har klare kunstnariske målsetjingar så vel som programstrategi og målgruppe.

Hemsedal Jazzfestival har som målsetjing og aktivt stimulere til møte mellom jazz og andre kunstnariske uttrykksformer, det vert særleg vinkla mot folkemusikk, visuell kunst og dans.

Naturen i Hemsedal er ei viktig inspirasjonskjelde, og det vert lagt opp til å bruke

Hemsedalsnaturen som både scene og inspirasjonskjelde.

Hemsedal jazzfestival er medviten på å ha ein pedagogisk profil ved å drive kurs, seminar eller konsertar som kan inspirere ungdom. Programskissa for Hemsedal Jazzfestival 2008 viser eit variert program med veksling mellom konsertar og kurs. Nytt av året er barne- & familie jazz.

Det er lagt vekt på å bruke dei ulike moglegheitene me har for små, intime konsertar i Hemsedal. Fleire av aktørane som deltok på den fyrste jazzfestivalen har allereie takka ja til å delta neste år, det er også knytta kontaktar med internasjonale jazzutøvarar.

Administrasjonen er sær positiv til at Hemsedal får eit nytt kulturelt tilskot av høg kvalitet og rår til å støtte etableringa av Hemsedal Jazzfestival med kr. 20 000 og stille kr. 15 000 i underskotsgaranti.

Søkjar	Søknadssum	Forslag til tildelt sum	Merknad
Hemsedal eldre lag	Ikkje oppgjeven	2 000	
Hemsedal idrettslag	160 000	140 000	
S-klubben Dvergbjerken	Ikkje oppgjeven	7 000	
Hemsedal sundagsskulelag	Ikkje oppgjeven	7 000	
Hemsedal golfklubb, junior	11 000	7 000	
Ulltrøya 4H	18 000	11 000	
Hemsedal skyttarlag	65 000	20 000	
Hemsedal husflidslag	10 000	6 000	
Hemsedal kristeleg ungdomslag	Ikkje oppgjeven	12 000	
Trøll i ord	10 000	7 000	- Rekneskap manglar.
Tørstad & Albrigtsen's orkester	5 000	1 000	
Hemsedal barnespel - drift	Ikkje oppgjeven	70 000	
- lydanlegget	20 000	10 000	

Hemsedal jazzfestival - støtte	30 000	20 000	
- underskotsdekning	20 000	15 000	
Søknadssum	349 000	335 000	

Rådmannen si tilråding:

Hovudutval for livsløp vedtek å tildele kulturmidlar til følgjande føremål:

Søkjar	Tildelt sum	Frå kto	Til kto	Merknad
Hemsedal eldreleg	2 000	14700.2010.3851		
Hemsedal idrettslag	140 000	14700.2010.3802	2367 20 14832	
S-klubben Dvergbjerken	7 000	14700.2010. 3853	2367 20 35686	
Hemsedal sundagsskulelag	7 000	14700.2010. 3853	2367 20 27861	
Hemsedal golfklubb, junior	7 000	14700.2010. 2311		
Ulltrøya 4H	11 000	14700.2010.3853		
Hemsedal skyttarlag	20 000	14700.2010.3853	2367 20 31435	
Hemsedal husflidslag	6 000	14700.2010.3851	2367 20 43816	
Hemsedal kristeleg ungdomslag	12 000	14700.2010.3853	2367 20 14816	
Trøll i ord	7 000	14700.2010.3851		Utbet. når rekneskap er lagt fram.
Tørstad & Albrigtsen`s orkester	1 000	14700.2010.3771	2367 15 53586	
Hemsedal barnegospel - drift	70 000	14700.2010.3771	- 2367 20 41414	
- lydanlegget	10 000	14700.2010.3851	- 2367 15 30667	
Hemsedal jazzfestival - arrangement	20 000	14700.2010.3771		- Ikkje utbet. før evt
- underskotsdekning	15 000		2367 15 34158	påvist u.skot.
Sum	335 000			

Vedtaket kan innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent påklagast etter kap.VI i forvaltningslova. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Kulturkontoret, 3560 Hemsedal.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 14/08
Arkivsaksnr: 08/210
Arkivkode: 076

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 14/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008

KULTURPRIS - 2008

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for livsløp

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av kulturpris for Hemsedal kommune

Dokument i saka:

18.02.2008 KULTURPRIS- FORSLAG TIL KANDIDAT
05.03.2008 KULTURPRIS- FORSLAG
06.03.2008 KULTURPRIS - 2008- FORSLAG KANDIDAT
11.03.2008 KULTURPRISEN- FORSLAG TIL KANDIDAT
14.03.2008 KANDIDAT TIL KULTURPRISEN!- FORSLAG
26.03.2008 KULTURPRIS - 2008- FORSLAG TIL KANDIDAT

Saksopplysningar:

Det vart lyst etter kandidatar til kulturpris 2008 i Kommuneposten og Hallingdølen. Fristen for å fremje kandidatar var sett til 15.mars.

Det har kome inn 6 forslag på kandidatar til kulturprisen. Det vert vist til framlegga. Hovudutval for livsløp vurderer og innstiller kandidatar til prisen.

Desse har tidlegare fått tildelt Hemsedal kommune sin kulturpris.

Privatpersonar

- Ola Fauske	Diplom
- Ivar Andresen	Diplom
- Kjellaug og Alf Erik Solbakken	Diplom
2006 Ingrid Solveig og Asbjørn Spjøtvoll	Diplom og grafikk
2007 Martin Lindal	Diplom og grafikk

Lag/ organisasjonar

- Hemsedal idrettslag	Diplom
- Samhald ungdomslag	Diplom
2003 Hemsedal historielag og Hemsedal mållag	Diplom og kr. 10 000,-

Det vart utarbeidd nytt diplom i 2005. Grafikar Svein Rosseland stod for det kunstnarlege.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Utgiftene i samband med kulturprisen vert dekkja opp av ledige midlar på kulturbudsjettet.

Vurdering:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 15/08
Arkivsaksnr: 08/340
Arkivkode: 033 G00

Saksbehandler: Borghild Moen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 15/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008
PS /	Kommunestyret	

<i>KLAGEORGAN FOR ENKELTVEDTAK JAMFØR KOMMUNEHELSE TENE STELOVA</i>
--

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

1. Rapport fra tilsyn (systemrevisjon) i Hemsedal kommune. Tilsyn med deler av tjenestetilbudet til kommunenes hjemmesykepleie, herunder nattjenesten (2007), arkivsak 07/1307-6
2. Samla saksframstilling – Klagenemnd – val for perioden 2007-2011, kommunestyrevedtak, den 08.11.2007, sak 121/07, arkivsak 07/1259
3. Samla saksframstilling – Klientutval – val av medlemmer, vedtak i livsløp, den 06.12.2007, sak 37/07, arkivsak 07/1672
4. Samla saksframstilling – Ny politisk organisering i Hemsedal kommune kommunestyrevedtak, den 30.09.99, sak 66/99, arkivsak 99/01805
5. Samla saksframstilling – skal klientutvalet oppretthaldast, kommunestyrevedtak, den 07/06.2001, sak 31/01, arkivsak 00/1473
6. LOV-1982-11-19-66 Lov om helsetjenesten i kommunene (khl)
7. LOV 1999-07-02 nr. 63: Lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven)
8. LOV 1991-12-13 nr. 81: Lov om sosiale tjenester mv. (sosialtjenesteloven)
9. FOR 1995-04-26 nr 392: Forskrift om vederlag for opphold i institusjon

Saksopplysningar:

I følge lov om helsetjenester § 2-4 kan den som søker om helsehjelp etter khl §§ 2- 1, 2-1 a. påklage avgjersle til det organ kommunestyret bestemmer. Klageorganet skal ha 3- 5 medlemmer. Dersom avgjersla i klageorganet går i mot den som klaga eller klaga blir avvist, skal klaga sendast Helsetilsynet i fylket. Klagefristen ert tre veker frå vedkommande fekk høve til å klage.

Det kan klagast på dersom ein som mottok tenester klagar på sjølve utføringa av tenesta, jf Pasientrettighetsloven § 7-2. Klageorganet er Helsetilsynet.

Vedtak om vederlag for opphald i institusjonar og bustad med heildøgns omsorgstenester. kan påklagast til fylkesmannen, vederlagsforskrifta § 8.

Pleie og omsorgsetaten hadde tilsyn med delar av heimetenesta i desember 2007. Det vart gitt avvik på at enkeltvedtak og underretning om enkeltvedtak ikkje er i samsvar med grunngeevne vedtak, jf Lov av 10.02.67 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (fvl) § 24, 25 og 27, samt lov av 19.11.82, nr 66 om helsetjenesten i kommunene (khl) § 2-1, første og fjerde ledd og khl § 2-4. I følge rapporten kom det ikkje fram ta opplysningar om klageadgang i vedtak som er fatta, at det skal ligge føre klagebehandling i kommunalt klageorgan for saka eventuelt blir oversendt Helsetilsynet for endelig vurdering og avgjersle (jf khl § 2-4).

Det er fleire år sidan det har vore klage på enkeltvedtak fatta etter khl i pleie og omsorgstenesta.

Det er i dag to klageorgan i Hemsedal kommune. Det eine er klagenemnda som er oppretta av kommunestyret jf vedtak i kommunestyret sak 08.11.2007, saksnr. 0121/07 der det er ei eiga klagenemnd med 3 personar og personlege varamedlemmer for valperioden 2007-2011. Det andre er klientutvalet, jf. vedtak i Hovudutval for Livsløp den 06.12.2007, saksnr. 67/07. Klientutvalet har 5 medlemmer

Det kjem fram av vedtak i kommunestyret sak 07.06.2001, saksnr. 0031/01 kva for oppgåver og ansvarsområder klientutvalet har:

Hemsedal kommune opprettheld klientutval etter Lov om sosiale tenester og Lov om barnevernstenester.

Utvalet vert klageorgan for handsaming av klage på administrative vedtak som vert gjort

Utvalet har ikkje beslutningsmynde i høve til saker etter Lov om sosiale tenester og Lov om barnevernstenester.

Sakshandsamar har ansvar for å halde politikarane orientert om stoda i verksemda. Dette bør i hovudsak anonymiserast, men i klientutvalet kan ein ha høve til å ta opp saker som er namngjevne dersom dette skulle vera naudsynt. Ei slik vurdering er det sakshandsamar som gjer.

Dette vil medføre mindre bruk av klientutval enn det som har vore praksis tidlegare.

Forhold til overordna plan:

Det kjem ikkje fram av delegasjonsreglementet eller vedtak dei siste åra kven som skal vere det kommunale klageorganet for vedtak fatta etter lov om helsetjenester i kommuner.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Det kan bli auka kostnader til møtegodtgjerlse for folkevalte sidan dei må kallast inn innan rimeleg tid etter at ei klage er motteke. Det har hittil vore få klager på vedtak eller på utføring av tenester etter lov om helsetjenester i kommunen

Vurdering:

Kommunen kan velje kva for organ som skal behandle klager etter lov om helsetjenesten i kommunene. Det er ein føresetnad at organet har 3- 5 personar. I dag er det 2 organ som behandlar klager og som har det talet på medlemmer som organet skal ha. Dette er den kommunale klagenemnda på 3 personar og klientutvalet med fem medlemmer.

Etter delegasjonsreglementet har livsløp ansvar for sakbehandling etter lov om helsetjenester i kommunen og etter lov om sosiale tenester.

Mange som søker og mottek tenester av pleie- og omsorgsetaten og helse- og sosialetaten blir tildelt tenester både etter lov om sosiale tenester og lov om helsetjenester i kommunen. Omfanget av det enkelte tenestetilbodet kan ofte bli vurdert ut i frå det totale tenestetilbodet som blir gitt. Det vil vere formålsteneleg at det er det same klageorganet som behandlar klagene etter begge lovverka. Tenestene som blir tildelt er underlagt teieplikt etter særlov og inneheld sakene har mange personlege opplysningar. Det er ikkje formålsteneleg at desse opplysningane blir spreidd til fleire personar enn naudsynt for ei forsvarleg saksbehandling.

Sidan kommunen allereie har eit klageorgan for avgjersler fatta etter lov om sosiale tenester, bør dette organet også bli klageorgan for avgjersler fatta etter lov om helsetjenester i kommunen.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommunestyre vedtek at Klientutvalet skal vera kommunen sitt klageorgan for avgjersler fatta etter §§ 2-1, 2-1a i LOV-1982-11-19-66: Lov om helsetjenesten i kommunene (khl).